

Heimbygda mi

Mange Hesjedal

Her nedi dalen har folket vårt leva
fram gjennom tida i hundratals år.
Her har dei arbeidt og slite for føda
streva seg fram gjennom tronge kår.
Her trøytna hugen så ofte av møda
her krøktes ryggen og foten vart sår.
Her fann dei hugnad og gleda i yrke
lukka og signing frå allfader god.

Her glitra sølv over snødekte vidder
her lyste stjernor i vetternatt strind.
Her kvitra fuglen i vårgløne morgon,
her flagra fivrelid i sumarsol vind.
Her dansa alvar på doggvåte blommar
her vakte auren i bekkjer og tjørn.
Her ljoma luren frå sæterbudeigja
og omen frå bjøllor kring liene song.

Her rusla smågut kring haugar og hamrar
her plukka smågjenta blommar og bær.
Her leika ungdom med elskhug og latter
i fullmåneglitter og sumarnatts skjær.
Her lydte bånnsull ved vogga om kvellen
her follast hender når dagen var slutt.
Her samlast folket, i helg og i høgtid,
til styrkje og samver med seg og med Gud.

Her såg du leter som fåe stad andre
når alt i naturi fekk haustbragdi på.
Her såg du fargar tirande klåre
frå djuptgrøne fura til rosor og strå.
Her rådte vyrndad og ro over Dalen
når vitjing dei fekk av den "Bleikgule hest".
Her lyste vona fram i mot dagen
når ljuset og livet vinn siger til sist.